

Herdla

BRENS GÅVE

Skiftet i landskapet er slående mellom dei skrinne lyngheiknausane nord på Askøy og dei grøne markene på HERDLA, med fylket sin største gard. Mesteparten av Herdla, slik øya ter seg i dag, er ei gåve frå breen. Isbreen som rykte fram for om lag 12 000 år sidan, stansa heilt nord på

Askøy og tok seg tid til å byggja morenen på Herdla. Sidan har Herdla vore under stadig endring. Ommøbleringa av lausmassane pågår framleis.



Ikuldeperioden yngre dryas strøymde fjordbreen ut Osterfjorden og Herdlefjorden. Mellom nordspissen av Askøy og Litla Agnøy, nord for Herdleflaket, var det ei grunne som bremsa opp brerørsla.

Smeltevatn la frå seg sand og grus ved brekanten. Slik vart det med tida bygd ut eit delta i Hjeltefjorden (b på kartet). Havnivået var høgare på den tida enn det er no, og restar etter dette deltaet ligg om lag 32 moh., som ein terrasse på kvar side av porten til Herdla fort. Før breen gav frå seg lausmassane, var Herdla berre ei smal, lita øy (a). Den opphavlege øya viser att som den skogkleddede åsen like aust for vegen til fortet.

Breslam (silt og leir) vart avsett på sjøbotnen framom deltaet. No finn vi denne leira nede ved sjøen i Djupedalen (ved



Herdla blir til: Stadium i utviklinga frå slutten av istida til i dag. (Inge Aarseth / Eva Bjørseth)

skytobana). Skjel som er funne i leira, er daterte til å vera om lag 12 500 år gamle. Like etter dette rykte breen fram att, trykte saman lausmassane og la frå seg store blokker (c). Blokkene ligg no i eit belte langs vestsida og over Prestvika til Urneset i nord.

Då breen smelta tilbake inn Herdlefjorden, tok landet til å stiga (d), mest i byrjinga, etter kvart gradvis mindre. For om lag 1000

år sidan tok hevinga slutt. Herdla hadde då rista av seg 32 meter sjøvatn. Samstundes som landet steig, vart lausmassane på Herdla frakta vidare. Det som opphavleg var strender, vart lyfta opp til tørt land. Sand, grus og stein vart så vaska ned til dei nye strendene som etter kvart steig opp av havet. Omlagring av strandmateriale har gått føre seg heilt fram til vår tid. Andre lausmassar vart liggjande att. Desse massane finn vi no ovanfor dagens strandnivå, i skråningar og terrassar.

Ikkje berre vart lausmassane omlagra til stadig lågare strandnivå, dei vart òg sorterte og transporterte av straumar og bølger. Dei største bølgjene har heile tida kome frå nord. Gjennom tusenvis av år har bølgjene forflytta massar sørover og bygd ut øya i same retninga. Grus- og steinlaga som no ligg i skråninga ovanfor Vestrefjæra, kom denne vegen – likeins rullesteinane i Vestrefjæra i dag. I skråninga ligg òg eit tynt lag med flygesand, med eit 8000 år gammalt svart jordlag. Pollenprøvar frå dette laget vitnar om varmekjær skog i nærleiken, mellom anna lønn, hassel og eik.

På nordaustsida av Herdla var det tidvassstraumen mellom Hjeltefjorden og Herdlefjorden som utførte byggjearbeidet. Materiala var sand og grus, opphavleg avsette framfor isen. Tidvatnet og bølgjene frå nord-vest frakta massane ut mot Kallsøyna. Den sterke straumen omlagra sedimenta og bygde tidvassflata breiare og lengre etter kvart som landet steig. Området unngjekk på dette viset å bli tørt land, men for 2000–3000 år sidan hadde landet stige så mykje at straumen måtte gi opp dette arbeidet. Ei vid tidvassflate steig opp av havet, Valen var skapt (sjå KVH s. 272).

STRANDVEGETASJON

I eit lass med bestefôr kom den uvanlege nellikplanta tunbendel til Valen under siste verdskrigen. Bergfletta derimot har spreidd seg nordover på eiga hand, på Herdla finn ein den nordlegaste i landet. Mest typisk for Herdla

er likevel strandplantene. Nokre føretrekkjer rullesteinsstrand, som strandrug, åkerdylle og den nokså sjeldne østersurt (neste side). Andre trivst på sandstrand. Strandarve (t.b.) og strandreddik (t.v.) bøyrrer til dei. (Foto: Bjørn Moe)



Typiske artar på strand:
dvergsmyle
fjoresaltgras
fjoresaulauk
gåsemure
havbendel
havstorr
strandarve
strandkjeks
strandreddik
strandrug
strandmelle
strandstjerne
østersurt
åkerdylle

